

Etne
k o m m u n e

Kontaktinformasjon:

Etne kommune
Helse og Omsorg
Tenestekontor
53 75 80 00

Rådgjevar Helse og Omsorg
Åsa Berge Opheim
996 43 809
asa.berge.opheim@etne.kommune.no


Tryggleikstenester i Etne kommune blir
levert i samarbeid med Tellu IoT AS og Dignio.

tellu

dignio

Er DU rusta for framtida?

Kva kan Etne kommune hjelpe deg med?



Tryggleikstenester

Tryggleikstenester i Etne kommune

Kjenner du deg bekymra i eigen heim? Ønsker du frihetskjennele samtidig som du kjenner deg trygg? Er du bekymra for ein av dine næraste?

For at du og/eller dine skal kjenne frihetskjennele, tryggleik og meisting i eigen heim lengst mogleg, kan Etne kommune etter tilsyn tilby:

- Trykkleiksalarm
- Røykvarslar
- Digitalt tilsyn (t.d. fallalarm, dørsensor, tryggleikskamera)
- Mobil tryggleiksalarm/ lokaliseringsteknologi (GPS)
- Elektronisk medisindispenser

Korleis går du fram?

Dersom du er i ein situasjon kor du tenkjer at denne tenesta vil tryggja din busituasjon heime, kan du nytte søknadsskjema via Etne.kommune.no. Søknadsskjema og kontaktinformasjon finn du på Etne.kommune.no → Helse og omsorg → Søknad om helse- og omsorgstenester.

I søknaden er det viktig at du beskriv så godt som mogleg kva behov du har og kva teneste du meiner kan hjelpa deg. Det er den som søker om tenesten som må skrive under på søknaden, men dersom ein verge eller fullmektig skal gjera det, må det leggjast ved eit fullmaktsskjema. Søkjar må samtykke til besøk i heimen og det vil etter ei vurdering bli tildelt passande teneste.

Informasjon om aktuelt utstyr

Tellu IoT er leverandør av utstyret og har eit responscenter som mottok varslar frå tryggleiksalarmene til brukarane i Etne kommune. Når eit varsel mottas av responscenteret vurderar dei om det er aktuelt å kontakte nokon (til dømes heimetenesta, brannvesen), avhengig av kva varselet gjeld. For andre tryggleikstenester er det heimetenesta i kommunen som handsamar alarmer/tilsyn og gjer tiltak etter vurdering.

Heimetenesta vil koma heim til deg å installere utstyret og gi deg god opplæring. Etter ei prøveperiode vil det også bli utført ei vurdering av situasjonen. Målet vårt er å auka tryggleiken i din heim.

Tryggleiksalarm

Tryggleiksalarmen har ein alarmsendaren som kan vera som «smykke» rundt halsen eller som klokke på armen. Ved å trykke på alarmknappen vil det gå varsel til responscenteret som snakkar med deg og tilkallar hjelp dersom det er naudsynt. Alarmsendaren kan berre nyttast i eigen heim.



Røykvarslar

Ein røykvarslar kan koplast til tryggleiksalarmen din og vil sende varsel til responscenteret ved brann/røyk. Røykvarslaren er eit tilbod til bustadar som ikkje har direktevarslar til brann-/vaktelskap.



Digitalt tilsyn

Det finnes ulike sensorar som kan koplast til tryggleiksalarmen din etter ditt behov, til dømes dør-, bevegelses-, kjøleskaps- og fallsensor. For å auka din tryggleik og søvnkvalitet om natta kan heimetenesta utføra digitale tilsyn via eit tryggleikskamera. Då kan heimetenesta sjå at du har det bra utan å forstyrre deg.

Mobil trykkleiksalarm/ lokaliseringsteknologi (GPS)

Mobil tryggleiksalarm er ein sendar du kan ha med deg når du ikkje oppheld deg i heimen. Ved hjelp av denne kan du tilkalle hjelp når du er ute på tur eller pårørende/heimetenesta kan finne deg dersom du går deg bort eller ikkje kjem heim til avtalt tid.



Elektronisk medisindispenser

Medisineringstøtte er ei teneste som kan hjelpe deg til å ta rett medisin til rett tid, og samtidig vera så sjølvstendig som mogleg. Medisindispenseren varslar når medisiner skal takast og sender eit varsel til heimetenesta om du har gløymd å ta medisiner dine.



Pris

Pris for tryggleikspakken er regulert av gjeldande lovverk og fastsatt av kommunestyret i takstheftet til kommunen. Etne kommune har same pris kommunane på Haugalandet. Tenester vurdert som helse- og omsorgstenester vil vera gratis.